

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.12.2014**

**Sveinung Valle** viste til referatsak 211/14 om evt. flytting av helikoptertrafikk til Stord og etterspurde status. Fylkesordføreren svarte m.a. at han var på møte på flyplassen i går. Det er opp til Avinor om dei ønsker å flytte helikoptertrafikken. Dersom dette vert aktuelt, må Sunnhordland Lufthamn søkje om utvida. Terje Søviknes kommenterte at det vert arbeidd med tiltak for å styrke trafikkgrunnlaget for flyplassen.

**Sveinung Valle** viste til referatsak 217/14 "Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 – pr. desember", og etterlyste sak om fordeling av regionale utviklingsmidlar. Fylkesdirektøren for regional utvikling svarte at saka som tidlegare var planlagt til desembermøtet kjem opp i januar, etter at budsjettet for 2015 er vedteke.